



Utvalg: Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad: Formannskapssalen, Stord rådhus
Dato: 16.05.2017
Tidspunkt: 14:00 – 16:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Peggy Husevik Bærøy	Nestleiar	V
Anna Herborg Førland	Medlem	AP
Tarjei Haga	Medlem	AP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Fredrik Litleskare	Leiar	H
Odd Ståle Larsen	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Svein Grutle	Fredrik Litleskare	H
Ani Hystad	Odd Ståle Larsen	FRP

Merknader

Nestleieren leia møtet, i utvalsleieren sitt fråvær.

Andre som møtte:

Navn	Stilling
Else Holst-Larsen	Partner i Deloitte AS
Magnus Mjør	Rådmann (tom. sak PS 25/17)
Hege Etterlid	Økonomisjef (tom. sak PS 25/17)
Hogne Haktorson	Kontrollsjef i Hordaland fylkeskommune

Peggy Husevik Bærøy
Nestleiar / møteleiar

Hogne Haktorson
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 21/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 22/17	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 23/17	Årsrekneskap 2016 for Stord hamnestell - Uttale frå kontrollutvalet		2015/178
PS 24/17	Årsrekneskap 2016 for Stord kommune - Uttale frå kontrollutvalet		2015/178
PS 25/17	Rådmannen orienterar om Stord kommune sin praksis vedr. førebels svar.		2016/91
PS 26/17	Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar - Status i arbeidet ved Deloitte		2017/17
PS 27/17	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune		2015/177
PS 28/17	Referatsaker		
RS 15/17	Kommunestyrevedtak - Søknad om fritak frå politiske verv		2015/175
RS 16/17	Kommunestyrevedtak - Årsmelding 2016 for kontrollutvalet		2016/85
RS 17/17	Kommunestyrevedtak - val av revisor		2014/302
RS 18/17	Fylkesmannen - tilsyn i 2017 med helse- og omsorgstenestene i Stord kommune		2014/298
RS 19/17	Informasjon frå Forum for Kontroll og Tilsyn		2017/40
RS 20/17	Barnevern		2014/364
PS 29/17	Eventuelt		

PS 21/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 16.05.2017

Handsaming i møtet:

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent

PS 22/17 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 16.05.2017

Handsaming i møtet:

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 04.04.2017.

På spørsmål frå Svein Grutle, så orienterte sekretariatet om praksis vedr. utsendingar til varamedlemmane i utvalet.

Vedtak:

Protokoll frå møte 04.04.2017 vart godkjent.

PS 23/17 Årsrekneskap 2016 for Stord hamnestell - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet støttar seg til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamnestell for året 2016, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
2. Uttalen vert send kommunestyret via formannskapet

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 16.05.2017

Handsaming i møtet:

Rådmann Magnus Mjør og økonomisjef Hege Etterlid orienterte om årsrekneskap 2016 for Stord hamnestell. Jmf. saksframlegget vart det avklart at kontrollutvalet hadde motteke rekneskap som inneheldt ein feil vedr. rekneskapsmessig mindreforbruk i 2015. Kommunen har retta feilen.

Rådmannen opplyste elles om at det i 2017 er lånt 25 mill. kr. relatert til to eigedomar på Eldøyane.

Revisor Else Holst-Larsen opplyste om at Deloitte AS har leveret ei såkalla rein revisjonsmelding, og hadde ikkje noko ytterlegare å tilføya i møtet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet støttar seg til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamnestell for året 2016, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
2. Uttalen vert send kommunestyret via formannskapet

PS 24/17 Årsrekneskap 2016 for Stord kommune - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Stord kommune sin årsrekneskap 2016.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 16.05.2017

Handsaming i møtet:

Rådmann Magnus Mjør og økonomisjef Hege Etterlid orienterte om årsrekneskap 2016 for Stord hamnestell.

Kontrollutvalet stilte mellom anna spørsmål kring det at kommunen har relativt stor langsiktig gjeld. Rådmannen opplyste om at handlingsregel om gjeldstak er til vurdering.

Revisor Else Holst-Larsen opplyste om at Deloitte AS har leveret ei såkalla rein revisjonsmelding, og hadde ikkje noko ytterlegare å tilføya i møtet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Stord kommune sin årsrekneskap 2016.

PS 25/17 Rådmannen orienterar om Stord kommune sin praksis vedr. førebels svar.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 16.05.2017

Handsaming i møtet:

Rådmann Magnus Mjør orienterte om praktisering av det å gje «førebels svar» på henvendingar til kommunen. Generelt sett tilsa kvalitetssystem og sjekklister at førebels svar skulle sendast innan 4 veker, dersom einskiltsaker ikkje ville bli handsama innan den tid. Det var derimot noko ulik praktisering i avdelingane. Døme:

- Helse- og sosialtenester - stadfestar raskt at søknad er motteke
- Brann- og redning – omgåande svar.
- Stord hamnestell – svar i løpet av veka
- Byggesak – svarar innan 3 veker
- Vatn- og avløp – held seg til fristen på 4 veker
- Plansak – avdelinga meinte sjølv at gjeldande praksis truleg ikkje var god nok.

Det var sams oppfatning blant avdeling, rådmann og kontrollutval om at praktisering i deler av RBO-avdelinga (regulering – byggesak – oppmåling) ikkje var god nok.

Rådmannen tilbød å laga eit notat om korleis ein tar tak i det, og det er målsetting frå kontrollutvalet om at slik notat er klart innan 15.08.17., slik at det kan leggast fram i kontrollutvalet sitt neste møte, 30.08.17.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber om å få eit notat frå rådmannen om korleis det å gje «førebeles svar» på henvendingar til Stord kommune, særleg innan RBO-avdelinga, skal praktiserast. Målsetting om at rådmannen sender slik notat til sekretariatet innan 15.08.17.

PS 26/17 Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 16.05.2017

Handsaming i møtet:

Else Holst-Larsen i Deloitte AS orienterte om at:

- Revisjonen er starta opp og det er bede om ein del informasjon innan 29.05.17.
- Planlagde case i saka samsvarar med kontrollutvalet sine innspel.
- Ferdigstilling innan fristen som kontrollutvalet sette – altså innan 06.11.17.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 27/17 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 16.05.2017

Handsaming i møtet:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 28/17 Referatsaker

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 16.05.2017

Handsaming i møtet:

Kort gjennomgang av referatsakene.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar referatsakene til orientering.

RS 15/17 Kommunestyrevedtak - Søknad om fritak frå politiske verv

RS 16/17 Kommunestyrevedtak - Årsmelding 2016 for kontrollutvalet

RS 17/17 Kommunestyrevedtak - val av revisor

RS 18/17 Fylkesmannen - tilsyn i 2017 med helse- og omsorgstenestene i Stord kommune

RS 19/17 Informasjon frå Forum for Kontroll og Tilsyn

RS 20/17 Barnevern

PS 29/17 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 16.05.2017

Handsaming i møtet:

Ved starten av møtet hadde partner Else Holst-Larsen i Deloitte ein halvtimes folkevaldopplæring om kommunerekneskap.

Ettersom det kjem ny revisor frå 01.07.17, var dette siste kontrollutvalsmøtet for Else Holst-Larsen etter at Deloitte AS har vore revisor for Stord kommune i 11 ½ år. Rådmann Magnus Mjør takka for samarbeidet, og delte ut blomebukett.

Det var ingen saker å ta opp under eventuelt.

Vedtak:

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.